

Jostedalen og kommunesamanslåinga i 1963



Johannes Grov (1899–1969) frå Leitehaugen i Krundalen representerte Arbeidarpartiet og var siste ordførar i Jostedal kommune og fyrste varaordførar i nye Luster kommune. Han var ordførar i Jostedalen i til saman 11 år og ein av dei som hadde vervet lengst.

Tysdag 1. januar 1963 fanst ikkje Jostedal kommune meir. Jostedalen hadde no vorte ein del av ein heilt ny kommune, Luster kommune, i lag med Hafslo kommune og gamle Luster kommune. I år var dette 50 år sidan, og her skal me sjå på prosessen som førte fram til kommunesamanslåinga, og særleg på kva jostedølene meinte om det heile.

Då Jostedal kommune vart nedlagd, hadde han eksistert i 125 år. Kommunane vart skipa med formannskapslovene som tok til å gjelde 1. januar 1838. Styringa over ei rekkje lokale saker vart no lagd i hendene på to nye og fullt ut folkevalde lokale organ, formannskapet og kommunestyret. Formannskapslova for landdistrikta slo fast at prestegjeldsinndelinga skulle ligge til grunn for kommuneinndelinga. Om ein lurar på kvifor Jostedalen vart eigen kommune i 1838, må ein difor spørje kvifor

Jostedalen vart eige prestegjeld, noko det iallfall hadde vore sidan 1630-åra (sjå JSA 2012). Det var framlegg både i 1630- og 1740-åra om å slå saman Jostedalen og Gaupne (og Joranger i Hafslo) til eit heilt nytt prestegjeld, men det vart aldri gjennomført. Dei tre kommunane som vart slegne saman i 1963, hadde difor opphavet sitt i eldgamle prestegjeldsgrenser og bygdeidentitetar. Det kom ordskiftet til å bli kraftig merkt av.

Etter lokale ynske hadde talet på kommunar auka mykje frå 1838 til mellomkrigstida, i Sogn og Fjordane frå 22 i 1838 til 39 frå 1923. Lokalt var det å dele kommunar sett som ein praktisk, effektiv og demokratisk måte å takle folkeauken og dei stadig fleire oppgåvene som kommunane skulle ta seg av. Men 1930-åra var ei gjennombrøts-tid for nye og ambisiøse idear om ei sterkare og meir sentralstyrd samfunnsplanlegging, og no byrja ein på sentralt hald å oppsummere kommunestrukturen som eit problem. Naziregimet gjekk faktisk i gang med å planleggje ei større kommunesamanslåing, og etter 1945 var dei lovlege styresmaktene raske med å plukke fram att planane. Alt i 1946 vart Kommuneinndelingskomiteen sett ned, kjend som Schei-komiteen etter formannen Nicolai Schei, fylkesmann i Sogn og Fjordane. Noko av det fyrste Schei-komiteen gjorde, var å førebu ei ny kommuneinndelingslov (1956). Dermed fekk Stortinget og regjeringa den naudsynte lovheimelen til å fastsetje kommuneinndelinga imot kommunane sin vilje, og det var duka for ei omfattande kommunereform i heile landet.

Schei-komiteen var då godt i gang med arbeidet ute i felten. I november 1953 var komiten på ein tovekers turne i Sogn og Fjordane, og fredag 13. november vart nytta til synfaring med buss i Jostedalen, Luster og Hafslo. Etterpå var det konferanse med dei tre kommuneleiingane på Hillestad hotell. Synspunkta frå Luster, Hafslo og Jostedalen var tindrande klare og samanfallande: grensene burde vere som dei var. Som formannskapet i Jostedalen hadde sagt alt i 1948:

«Jostedal formannskap vil samrøystes og so sterkt det kan seia frå at det ynskjer å ha dei same grensor som no er, for Jostedal herad. Ein meiner at heradet kan ikkje ha vinning av å verta styrd saman med ein annan kommune, og me ynskjer ikkje at Jostedal vert ein «husmann» under eit større herad.»

Problemet var ikkje Luster og Hafslo, som Schei-komiteen slo fast at var store nok kvar for seg til å halde fram som eigne kommunar. Jostedalen hadde derimot for lågt folketal og for svakt næringsgrunnlag til at Schei-komiteen såg noka von. Men korleis løyse Jostedalsproblemet? Det skulle bli det store og vanskelege spørsmålet dei neste sju-åtte åra.

Schei-komiteen sitt framlegg før Hillestad-møtet i 1953 var samanslåing av Jostedalen og Luster utan Hafslo. Jostedalsordførar Hallvard Hesjevoll sende fire dagar etter møtet eit brev til Schei-komiteen der han i svært klare ordelag argumenterte mot framlegget. Han peika på at dei geografiske tilhøva og ikkje minst utsiktene til framtidige

kraftinntekter gjorde at Jostedalen måtte få halde fram som eigen kommune trass i lågt folketal. Og sist men ikkje minst:

«Det har ikkje alltid vore greidt å bu i Jostedal, og berre dei «innfødde» kunde livberga seg under slike livstilhøve. ... skal ein etter alt strevet og all liding hengast som hale på eit større herad, då vil vonløysa siga myrk inn over dei fleste som har heimstaden sin her.»

Schei-komiteen var i villreie om korleis ein skulle løyse jostedalsproblemet. I ei førebels innstilling frå 1957, kom komiteen med framlegget frå 1953 om å leggje Jostedalen under Luster. Men no kom det òg eit alternativt framlegg: å skilje ut Gaupne frå Luster og slå saman Gaupne og Jostedalen. Det komiteen neppe visste, var at dette framlegget hadde vore oppe på 16- og 1700-talet.

Luster kommunestyre meinte at å slå saman Gaupne og Jostedalen kunne «knappt vera alvorleg meint». Men Luster såg òg mørkt på måtte slite med Jostedalen: «Det er også tindrande klårt at Luster økonomisk vil vera den tapande part. ... Jostedal er og vil verta ein underskotskommune.» Det var ikkje dit Luster tenkte seg at dei komande inntektene frå Fortunutbygginga skulle gå.

No vakna også Hafslo, for Schei-komiteen hadde gjort framlegg om å flytte heile den veglause Sørsida (Kroken–Urnes–Kinsedalen-området) frå Hafslo til Luster. Då fylkesutvalet skulle seie si meining om saka i 1959, fekk Hafslo fleirtalet der til å gå imot overføring av Sørsida. Derimot gjekk fylkesutvalet inn for full samanslåing mellom Luster og Jostedalen, noko altså både dei to kommunane framleis gjekk imot på det sterkaste.

Altså hadde saka no rett og slett låst seg heilt, for Schei-komiteen og dei sentrale styresmaktene var trass alt opptekne av å finne løysingar som vart aksepterte lokalt. Løysinga vart, som me alle veit, at Hafslo vart teken med. På møtet 2. februar 1959 såg fylkesutvalet dette som heilt uaktuelt og la framlegget til side utan realitetshandsaming. Schei har derimot sett at her låg løysinga. På det avgjerande møtet i Schei-komiteen 17. mars 1959 gjorde han difor framlegg om å ta med Hafslo.

Dermed slapp ein unna heile Sørside-problemet, og like viktig: Vesle Jostedalen vart ikkje underlagd ein stor kommune, men kom inn i ein storkommune basert på ein slags maktbalanse mellom Luster og Hafslo.

Det nye framlegget frå Schei-komiteen vart sendt ut til kommunane, og no braut den samla motstandsfronten saman. Kommunestyret i Jostedalen meinte samanslåing av alle tre kommunar ville vere «ei



Magnhild Roti var einaste kvinne i kommunestyret i Luster 1963–67 og vart både formannskapsmedlem og varaordførar. Krp-politikaren stilte til 1963-valet for Jostedal framstegsliste. Ho var gift med Gustav Roti, sokneprest i Jostedalen 1959–66. Biletet er teke i Prestegarden då dei tok avskil med Jostedalen, i midten dottera Elin Johanna.

verdigare løysing for Jostedal» enn samanslåing berre med Luster. Kommunestyret i Hafslo meinte primært, som Jostedalen, at dei dåverande grensene ikkje burde endrast, men om det ikkje gjekk, var den nest beste løysinga samanslåing med både Luster og Jostedalen – det vart altså føretrekt av Hafslo framfor å miste Ornesområdet. I ein siste freistnad på å hindre samanslåing med Hafslo, gjekk kommunestyret i Luster i 1961 inn for samanslåing mellom berre Luster og Jostedalen, altså ei løysing Luster før hadde avvist på det sterkaste.

Men no var løpet køyrt, og i november 1961 kom regjeringa med den kongelege resolusjonen som slo fast at dei tre kommunane skulle slåast saman. Kommunenamnet valda litt bry: «Gaupne» og «Lusterfjord» var framme, men regjeringa fylgde statens namnekonsulentar og fastsette «Luster».

I juni 1962 kom den andre kongelege resolusjonen om samanslåinga med detaljerte føresegrer for samanslåingsprosessen, og no vart tidspunktet fastsett til 1. januar 1963. Alle andre kommunesamanslåingar i Sogn og Fjordane kom i 1964 eller 1965, så ein kan spørje seg kvifor det gjekk så raskt. Eitt svar er nok at vår samanslåing var mindre omstridd enn mange andre. Ein annan grunn er nok at det frå lokalt hald vart skunda på for å få til ei avklaring. Det gjorde iallfall kommunestyret i Jostedalen, som i desember 1961 ynskte ei rask samanslåing for å hindre forseinking i utbygginga av skulevesenet og planane om utbygging av Jostedalsvassdraget og industri i Gaupne.

Det praktiske arbeidet med samanslåinga kom i gang med at dei tre kommunane sette ned ei førebuande

nemnd i desember 1961. Det var aldri tvil om at kommunesenteret skulle liggje i Gaupne, som både var midtpunkt i den nye kommunen og hadde ledig areal. Den nye kommuneadministrasjonen etablerte seg i Gaupne pensjonat fram til rådhuset stod ferdig i 1968.

Den 17. september 1962 vart det halde ekstraordinært kommuneval for å få på plass eit mellombels kommunestyre som kunne leie den nye storkommunen frå 1.1.1963. Den sitjande ordføraren i Jostedal, Johannes Grov (Arbeidarpartiet), vart varaordførar, medan ordførar i Luster, Anders Bjørk (Senterpartiet), vart ordførar i den nye kommunen. Fylkesmann Arne Ekeberg vedgjekk på det konstituerande kommunestyremøtet at «Valet de nett har hatt gav ikkje dei beste vonar for framtida», og det kom av den geografiske fordelinga: Jostedalen hadde fått sju av 39 representantar, Luster hadde fått berre tre og Hafslo hadde fått heile 27 representantar på grunn av dei mange strykingane og kumuleringane.

Fylgja av dette vart at berre Arbeidarpartiet greidde å stille liste til det ordinære kommunevalet hausten 1963. Både Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti, Venstre og Høgre var representerte, men ingen av desse partia var å sjå under 1963-valet. I staden fekk veljarane høve til å røyste på Lusterfjorden Samarbeidsliste, Hafslo Samlingsliste, Jostedal Framstegsliste og «Felleslista» attåt Arbeidarpartiet. Dermed vart den geografiske slag-sida retta opp: I 1963 fekk Hafslo 13, Luster 17 og Jostedalen sju representantar. Frå og med 1967-valet var det dei ordinære partilistene som dominerte. I 1963 heldt Anders Bjørk fram som ordførar (til 1975), og ein jostedøl vart varaordførar også no: Magnhild Roti frå

Jostedal framstegsliste som dermed vart den fyrste kvinnelege varaordføraren.

Det fell utanfor denne vesle artikkelen å gå inn på korleis den nye storkommunen har greidd seg, men eitt skal me iallfall framheve: Dei geografiske spenningane i den vidgreinte kommunen har vore der sidan samanslåinga, men det politiske miljøet og partia greidde å hindre ein permanent situasjon med bygdelister – det vart eit eingongstilfelle i 1963. Det har tvillaust vore ein føremon for knyte storkommunen saman.

Kjelder

Artikkelen byggjer på dokument frå arkiva etter:

- *Kommuneinndelingskomiteen (Schei-komiteen) (Riksarkivet)*
- *Luster kommune (Rådhuset)*
- *Luster (gamle) kommune (Fylkesarkivet)*
- *Hafslo kommune (Fylkesarkivet)*
- *Jostedal kommune (Fylkesarkivet)*
- *Fylkesutvalet, Sogn og Fjordane fylkeskommune (Fylkesarkivet)*

Me publiserer hausten 2013 ein lengre artikkel om kommunesamanslåinga der ein finn kjeldetilvisingar.

Oddmund L. Hoel og Hege Roll-Hansen